



Hindenes Hus AS  
Postboks 3  
5991 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/84 - 18/2903

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.01.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 214/10 Fyllingsnes

**Tiltak:** Tilbygg/påbygg  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/10  
**Tiltakshavar:** Bjørg Rasmussen  
**Ansvarleg søkjar:** Hindenes Hus AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.01.2018.

Omsøkt tiltak gjeld oppføring av både tilbygg og påbygg og er vesentleg endra i forhold til løyve til oppføring av tilbygg gitt i vedtak datert 27.02.2015, jf arkivsak 14/7292. Vi vurderer at søknaden ikkje kan handsamast som ei endring av gitt løyve og vert å vurdere som ein ny søknad om løyve til tiltak.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi har følgjande merknader:

#### Plankrav


Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområde for bustadar. I følgje punkt 1.1 i føresegnene til planen er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova kap 20 kan godkjennast. Det er i punkt 2.14 gjort unntak frå reguleringskravet for mindre tiltak på bygd eigedom. Omsøkte tiltak kjem ikkje inn under unntaksbestemmelsen og søknaden kan ikkje handsamast før det er søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet.

#### Byggjegrensa mot sjø

Byggjegrensa mot sjø går fram av plankartet, sjå den grå stipla linja på kartutsnittet. Vi føreset at tiltaket ikkje kjem i strid med denne. Vedlagtlagt følgjer situasjonskart der byggjegrensa er påført. Tiltak som er plassert i strid med denne vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon også for dette forholdet.

Utsnitt frå kommuneplanen





### Ansvarsrettar og gjennomføringsplan

Då omsøkt tiltak er å vurdera som ein ny søknad må ansvarsrettar i saka dekkja alle fagområde og funksjonar, dvs også for det arbeidet som er utført.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Gbnr 214-10 Kart med kommuneplanen

### **Kopi til:**

Bjørg Rasmussen

Spindalen 22

5121

ULSET

**Mottakarar:**

Hindenes Hus AS

Postboks 3

5991

OSTEREIDET